



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anne Grete Robøle, 5557 2231

Vår dato
26.02.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/3239
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Melding om tilsyn med Lindås kommune 12-13. mai 2015 - meldeplikt til barnevernet, barnevernet si handtering av meldingar, samarbeid og bruk av individuell plan

Fylkesmannen i Hordaland fører tilsyn med helse-, omsorgs- og barnevernstenester i fylket, jf. lov om statleg tilsyn med helse- og omsorgstjenesten §§ 2 og 3 og lov om barnevernstjenester § 2-3 fjerde ledd, jf. § 2-3b.

Vi melder med dette om tilsyn med Lindås kommune 12.-13. mai 2015.

Tilsynet er del av det landsomfattande tilsynet med kommunens arbeid med meldingar til barnevernstenesta og tilbakemelding til meldar.

Vi vil undersøkje kommunen si styring og kontroll med at

- helsestasjons- og skulehelsetenesta og psykisk helse varetek meldeplikt til barnevernet
- meldingar til barnevernet blir handtert forsvarleg
- barnevernet varetek plikt til å gje tilbakemelding til meldar
- barnevernet, helsestasjons- og skulehelsetenesta og psykisk helse tilbyr og nyttar individuell plan når barn og unge treng langvarige og koordinerte tenester.

Melding er definert slik: All innkomen informasjon om bekymring knytt til eitt eller fleire identifiserte barn i ny eller aktiv sak.

Tilsynet omfattar alle meldingar, frå offentlege og private instansar, frå privatpersonar og anonyme meldingar. Det er ingen avgrensingar i alderen på barnet eller alvorsgrad i meldingane.

Regelverk som blir lagt til grunn ved tilsynet er:

- Lov av 17. juli 1992 om barneverntjenester (barnevernlova)
- Lov av 30. mars 1984 nr. 15 om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten
- Lov av 24. juni 2011 om kommunale helse- og omsorgstjenester
- Lov av 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerretegheter
- Lov av 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell m.v.
- Lov av 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker
- Forskrift av 20. desember 2002 nr. 1731 om internkontroll i helse- og omsorgstjenesten
- Forskrift av 14. desember 2005 nr. 1584 om internkontroll for kommunens oppgaver etter lov om barneverntjenesten
- Andre relevante forskrifter

Innan **24. mars 2015** ber vi om at å få namn på kontaktperson for tilsynet og om å få tilsendt følgjande opplysningar:

1. Overordna organisasjonskart for Lindås kommune og detaljert organisasjonskart for barnevern, helsestasjons- og skulehelseteneste og psykisk helse
2. Namn på leiarar og tilsette i barneverntenesta, i helsestasjons- og skulehelsetenesta og psykisk helse
3. Stillingsomtalar eller andre dokument som omtalar fordeling av ansvar, mynde og oppgåver for leiarar
4. Namn på leiarar og tilsette i barnevernet, helsestasjons- og skulehelsetenesta og psykisk helse
5. Eventuelle skriftlege rutinar om meldplikt til barnevernet og for barnevernet si oppfølging av mottekne meldingar
6. Informasjon om samarbeidsrutinar, eventuelt regelmessige møte/samarbeidsarenaer på tenestenivå mellom barnevern og andre kommunale tenester
7. Eventuelle skriftlege rutinar for oppretting av ansvarsgrupper, tildeling og bruk av individuell plan
8. Resultat frå leiinga sin gjennomgang og oppfølging av styringa (internkontrollen) med dei tenestene som dette tilsynet er avgrensa til
9. Talet på barn og unge som per 1. mars 2015 har individuell plan eller ansvarsgruppe og der barneverntenesta er ei av tenestene som deltek.
11. Andre dokument kommunen meiner er relevante for dette tilsynet.

Send gjerne dokumenta som e-post til fmhpostmottak@fylkesmannen.no

Tilsynet blir utført som systemrevisjon. Program for tilsynet blir tilsendt i **veke 17**.

Tidspunkt for møte, intervju og stikkprøver og namn på personane vi ønskjer å intervju vil gå fram av programmet. Frå vår side er det ønskeleg om alle som er sett opp til intervju, kan delta på opningsmøtet 12. mai og sluttmøtet 13. mai.

Vi ber om å få disponere eit møterom med plass til 10-15 personar for gjennomføring av opningsmøtet 12. mai og sluttmøtet 13. mai. Til intervju ber vi om å få disponere eit rom med plass til 6-7 personar.

Ved tilsynet gjer vi stikkprøver i eit utval pasientjournalar og mapper (elektroniske og eller papirbaserte). Vi ber vi om å få eigen brukartilgang på fire pc-ar. Vi gjev kontaktpersonen for tilsynet nærare informasjon om tidspunkt for stikkprøve og kva pasientjournalar og mapper vi treng tilgang til.

Heimel for innsyn i pasientjournalar og mapper følgjer av helse- og omsorgstenestelova § 5-9 og barnevernlova § 2-3 sjette ledd.

Ver venleg å informere einingsleiararar og tilsette om tilsynet slik at dei kan legge til rette og vere tilgjengelege ved tilsynet.

De er velkomne til å ta kontakt dersom de har spørsmål om tilsynet og den praktiske gjennomføringa av dette. Kontaktpersonar er Vibeke Herskedal, fmhovhe@fylkesmannen.no, og Anne Grete Robøle, fmhoagr@fylkesmannen.no.

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege

Anne Grete Robøle
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.